



Eidsvik har arbeidd mykje med scenarioet brann i båt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Branningeniør Stein Kyrre Kvinge i kommunen har hatt tilsyn på Eidsvik Skipsbyggeri og opplyser i rapporten at opplæring og øving av tilsette vart diskutert. Slik det er i dag får alle tilsette ei formell opplæring. Verksemda arbeider med eit system for å sikra at også dei som berre er inne i korte periodar og på enkeltjobbar skal få ei formell opplæring, skriv Kvinge.

Han sleg ellers mellom anna fast at Eidsvik stort sett har ganske oversiktlege bygningar med greie rømningstilhøve. Den største utfordringa vil vere brann om bord i ein båt under byggjning, men dette er eit scenario det er arbeidd mykje med. Då det er mangelfulle branncellebegrensande konstruksjonar i bygget er det sannsynleg at ein litt utvikla brann vil kunne føre til totalskade på det bygget der brannen startar.

Kvinge har påpeika to avvik etter synfaringa. Det eine er at det ikkje kunne leggjast fram brannteikningar. Teikningane som vart lagt fram var å sjå som vanlege byggteikningar. Brannteikningar skal vise dei heilskaplege branntekniske løysingane for bygget (som rømningsveggar og branntekniske installasjonar). Det andre avviket var at fleire gassflaskar ikkje var sikra mot velt. Det galdt flaskar med oksygen og acetylen ved brennebord og i den gamle hallen. I alle tilfella var det kjettingar eller anna opplegg for å sikra flaskene, utan at dette vart nytta.

Branningeniøren kjem også inn på at Eidsvik har ein god del utanlandsk arbeidskraft, hovudsakeleg frå Polen. I dag finst branninstruks berre på norsk og engelsk, Det er ikkje eit krav at arbeidarar skal kunne engelsk, men det vart opplyst at dei minst har grunnleggjande engelsk-kunnskapar. Kvinge skriv at verksemda sjølv må vurdere kva forutsetnader dei tilsette har for å forstå ulike språk, men at det er eit krav at alle tilsette skal kunne lesa instruksjonen på eit språk dei forstår.

Av Ola Matti Mathisen